

Årsmelding 2021



Klatre-dome ved Våge skule

Foto: Anett Solheim Klævold

INNHOLD

- 2 Bakgrunn, føremål og eigarskap
- 3 Forvalningsstrategi
- 4 Gåver til allmennyttige føremål
- 6 Tildelingar
- 8 Egedelar, resultat, disponering av overskot
- 10 Styrande organ
 - Rekneskap med notar
 - Revisjonsmelding

Styret si årsmelding for 2021

Bakgrunn

Då Fjaler Sparebank 12.03.2010 valde å slå seg saman med Sparebanken Sogn og Fjordane, fekk vi ein ny bank med større slagkraft enn kvar av bankane hadde før. Formelt vart dei to bankane éin bank frå 01.09.2010. Ved samanslåinga vart ein stor del av grunnkapitalen i bankane overført til to stiftingar, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og Sparebankstiftinga Fjaler.

Føremål

Vedtekten seier dette om føremålet for stiftinga

- *Stiftinga sitt føremål er å forvalte eigenkapitalbevis som stiftinga vart tilført ved skipinga, og å stå for eit langsigktig og stabilt eigarskap i Sparebanken Sogn og Fjordane.*
- *Stiftinga skal i tillegg plassere midlane på ein føremålstenleg og trygg måte ut frå omsynet til trygd, risikospreiing, likviditet og avkastning.*
- *Stiftinga sitt føremål skal vidare vere å gje gåver til allmennyttige føremål. Ved sine disposisjonar skal stiftinga først og fremst ta omsyn til det distriktet som har bygd opp kapitalen til tidlegare Fjaler Sparebank.*
- *Ved si verksemd skal stiftinga støtte Sparebanken Sogn og Fjordane i banken sin vidareføring av sparebanktradisjonar.*
- *Elles kan stiftinga stå for anna verksemd som kan sameinast med nemnde føremål og sparebanklova.*

Eigarskap i Sparebanken Sogn og Fjordane

Det er dei to sparebankstiftingane som står som største eigarar av banken.

Sparebankstiftinga Fjaler eig 5,92% av eigenkapitalbevisa i Sparebanken Sogn og Fjordane, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane eig 93,57% og andre eig 0,51% (tilsette og styremedlemer i banken). Dei to stiftingane vel til saman 40% av medlemene i generalforsamlinga i sparebanken.

I stiftinga sin eigarstrategi er det slege fast at

- Sparebankstiftinga Fjaler skal vere ein langsiktig, stabil og aktiv eigar i SSF. Vårt eigarskap skal bygge på at SSF vidarefører sterke lokalbanktradisjonar i Fjaler kommune, samt at banken skal framstå som fylket sin leiande bankaktør.
- Vi vil oppretthalde eit eigarskap på minimum stiftinga sin grunnkapital (1.064.530 ek-bevis). Utover dette kan ek-bevis i SSF kjøpast og seljast som ledd i stiftinga sin kapitalforvaltning.
- Stiftinga har som føremål å bruke av overskotet til allmennytige gaver. Vi vil med vårt eigarskap aktivt arbeide for at SSF vektlegg god drift, med moderat risiko, og at kort- og langsiktige mål om kursutvikling ikkje går utover gode og løpende utbytteutbetalingar.
- Stiftinga vil sökje samarbeid med SSF på område som kan underbygge og styrke stiftinga og/eller SSF si verksemd.
- Vi vil aktivt arbeide for å få posisjonar i SSF sine styrande organ der dette er føremålstenleg for å underbygge våre mål og ambisjonar.

Stiftinga er i dag representert i banken si generalforsamling og i banken sin valkomite for generalforsamling.

Forvaltningsstrategi

Egedelane i Sparebankstiftinga Fjaler består av:

Eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane (1 152 992 bevis):

kr 116 453 060

Likvide midlar:

Bankinnskot	kr 6 889 102
Aksje- og rentefond	kr 24 581 571
Andre finansielle instrument	kr 197 355

Det skal byggast opp ein likviditet over tid som tilsvrar om lag tre års drift i stiftinga (til drift og allmennytige gaver). Denne likviditeten skal i hovudsak vere plassert i bankinnskot og pengemarknadsfond.

Stiftinga sine likvidar har tidlegare hovudsakleg vore plassert i bank. Renteavkastninga på bankinnskot har vore låg heile året. Det vart difor vurdert som fornuftig å plassere noko av midlane til betre avkastning, men samstundes med låg risikoprofil.

Det er i 2021 investert kr 15 480 254 i aksje- og rentefond. Det er solgt fond for kr 1.480.254, derav vinst kr 480.254.-.

Urealisert vinst pr 31.12.21 i fond var ca kr 2.575.000.-. Pr. 15.03.2022 er denne urealiserte vinsten redusert til kr 775.000.-.

Gåver til allmennytige føremål

Sparebankstiftinga Fjaler har som mål at delar av stiftinga sitt overskot skal gjevast som årlege gåver til allmennytige føremål. Dette skal utløyse aktivitet og eigeninnsats og dermed auke trivselen i nærmiljøet. Stiftinga skal i si verksemd først og fremst prioritere gåver i det distriktet som har bygd opp grunnkapitalen (sparebanken sitt fond) i tidlegare Fjaler Sparebank. Styret legg vekt på god kunngjering og informasjon om gaveprosessen. Les elles om gaveinstituttet, tildelingane og reglane for å søke på www.ifjaler.no.

Stiftinga la i 2021 opp til éin søkerunde for gåver til allmennytige føremål, med søkerufsfrist 1. mars. Styret kan også handsame søkerader utanom ordinær søkerunde, men søkeraden må i så fall ha ei særskild grunngjeving for det.

Sidan første utdeling frå stiftinga hausten 2010 har stiftinga delt ut kr 23.395.936, fordelt på 471 tiltak, av dette kr 3 051 350 i 2021 fordelt på 32 mottakarar. Det vart i 2021 delt ut 3 gåver i «På Rappen-ordninga». Dette er ei ordning der ungdom kan søkje på inntil kr 7.500.-, gjennom heile året, og få svar innan kort tid. Det står pr 31.12.21 att kr 10 000 som unytta på denne posten.

I 2021 er det sett av kr 2.000.000 til gavefond. Gavefondet er på kr 8 218 753 pr 31.12.21. Gavefondet er meint som ein reserve for framtida, dersom det skulle komme enkeltår der resultatet elles ikkje gjev høve til gaveutdeling.

Støtta frå stiftinga gjev rom for ei stor breidde av tiltak innan kultur, idrett og nærmiljøtiltak, alt frå driftsstøtte til små og store organisasjoner til støtte til store prosjekt, t.d. idrettsanlegg og forsamlingshus. Stiftinga har følgt opp sparebanktradisjonen med å gje driftsstøtte til dei mange laga i Fjaler/Holmedal som betyr mykje for aktiviteten og trivselen i sine bygder, men er òg med og støttar dei store prosjekta som er nyskapande og som medfører stor eigeninnsats.

Større tildelinger i 2021 som kan nemnast er:

Kr 300.000 til profilering av Dale som kommunesenter, kr 800.000 til opprusting gamle Samvirkelaget som den nye storstova i Fjaler, kr 100.000 til Flekke Grendalag til utvikling området rundt skulen/barnehagen, kr 400.000 til Framtun Grendahus til nytt tak, kr 300.000 til Holmedal Ungdomslag oppgradering og utviding kjøkken, kr 200.000 til Jakob Sandeselskapet m.m.



Jakob Sande Forteljesenter.

Foto: David Zadig



Gjestebrygge ved Jensbua.

Foto: Jensbua Kystkultursenter

Generalforsamlinga vedtok ramme kr 2.500.000 for gåveutdeling 2021, og kr 4.000.000 for 2022. Med restmidlar frå 2020, og bruk av del av neste års ramme, er summen av utdelte gåver i 2021 kr 3.051.350.-.

Tildelingar 2021

ORGANISASJON	PROSJEKT	VEDTAK
Fjorden Grendalag	Drift og vedlikehald	kr 10 000
Rullerampa 6963	Grindabygg ved Dingemoen skule. Skatelementer ved rulleramp Samvirkelaget.	kr 35 000
Askvoll og Holmdeal IL	Skilting turstier	kr 10 000
Fure Idrettslag	Restaurere grillhytte	kr 20 000
Korssund Dykkekubb	Restaurere klubblokale	kr 9 400
Flekke Ungdomslag	Drift og vedlikehald	kr 20 000
Fjaler kommune	Profilering av Dale som kommunesenter	kr 300 000
Fjaler kommune	Samvirket skal verte den nye storstova i Fjaler! Naurleg møteplass midt i sentrum.	kr 800 000
Guddal familiekor	Drift og vedlikehald	kr 10 000
Hellevik Grendalag	Bord og stolar til grendahus.	30 000
Flekke Grendalag	Utvikle uteområdet rundt skulen/barnehagen.	kr 100 000
Fjaler kommune	Utstyr brukarane i miljøtenesta	kr 15 200
Svint IL	Merking turstiar	kr 24 200
Jensbua Kystkultursenter AS	Nye trekaier og flytebryggjer.	kr 100 000
Framtun Grendahus	Vedlikehald	kr 400 000
Framtun Grendahus	Oppgradering uteareal.	kr 42 850
Guddal Ungdomslag	Drift og vedlikehald	kr 10 000
Straumsnes Grendalag	Vedlikehald	kr 100 000

Holmedal Ungdomslag	Oppgradering utviding kjøkken	kr 300 000
Homedal ungdomslag	Utvikle uteområdet.	kr 100 000
Dalsfjorden Spelemannslag	Drift	kr 5 000
Dale Ungdomslag	Oppgradering lydanlegg	kr 50 000
Jakob Sande-selskapet	1) Diktarbustaden og Residensordninga 2) Barne- og ungdomsfortelje teateret Fabel.	kr 200 000
Dale Musikkorps	Kjøp musikkinstrument	kr 75 000
Guddal Grendalag	Kjøp treningsutsstyr	kr 70 000
Arnarsonmila	Innkjøp startnummer	kr 25 000
Fjaler kommune	Kontroll og reperasjon klatreparken	kr 50 000
På Rappen	Påfyll midlaar til ordninga	kr 15 000
Jakob Sande Selskapet	Kyrkjekonsert «Stille Grender»	kr 20 000
UWC Volleyball	Nasjonalt mesterskap for vidaregåande skular	kr 19 700
Teaterfestivalen	Drift	kr 50 000
Dale VGS	Forprosjekt utdanning havbruks	kr 35 000
SUM		KR 3 051 350



Teaterfestivalen i Fjaler. Kosmiske Manifest.

Foto: David Zadig



Teaterfestivalen i Fjaler. Spøkelsehus.

Foto: David Zadig

Ei liste over gåvetildelingane for alle år ligg på stiftinga sine heimesider: www.ifjaler.no under Gåvetildeling og Tildelingar.

Eigedelar i stiftinga

Samla eigenkapital 31.12.21 var kr 141.776.481 (31.12.20: kr 139.335.120).
Sum eigedelar 31.12.21 var kr 148.232.831 (31.12.20: kr 143 473 696).

Resultat

Renteinntekter, utbytte på aksje- og rentefonda og eigenkapitalbevisa er stiftinga sitt inntektsgrunnlag. Det er utbytte på eigenkapitalbevisa i Sparebanken Sogn og Fjordane for 2020 som er inntektsført i 2021. Driftsutgiftene var kr 1.022.513 (2020: kr 766 450). Resultat finans er overskot kr 7.463.874 (2020: kr 4 982 611) og årsresultatet er kr 6.441.361 (2020: kr 4 216 161).

I 2021 fekk stiftinga utbetalt utbytte på eigenkapitalbevisa med kr 6.917.952 (2020: kr 4 611 968, 2019: kr 8 647 440). Det er for Sparebanken Sogn og Fjordane foreslått eit utbytte kr 9.- pr EK-bevis for 2021, til utbetaling i 2022. Dette vil utgjere kr 10.376.928.- for Sparebankstiftinga Fjaler.

Disponering av overskot

Sparebankstiftinga Fjaler si generalforsamling vil kvart år fastsette storleiken på midlar til gåveføremål. Følgjande retningslinjer ligg til grunn for disponering av overskot til allmennytige gåver:

- Normalt vil årleg tildeling av allmennytige gåver utgjere inntil 60% av overskotet, men det er høve til å bruke ein større del, og også bruke av gåvefondet når særlege forhold tilseier det.
- Det vert prioritert å bygge opp gåvefond som kan nyttast i år med svakare økonomiske resultat.
- Resten av overskotet skal avsetjast til annan eigenkapital.

Disponering av overskot 2021:

- Gåver til allmennytige føremål	kr 4.000.000
- Avsett til gåvefond	kr 2.000.000
- <u>Avsett til annan eigenkapital</u>	kr 441.361
Sum disponeringar	kr 6.441.361



Konserten Det Lyser i Stille Grender

Foto: David Zadig

STYRANDE ORGAN I STIFTINGA

Organisering

Etter vedtekten skal stiftinga ha generalforsamling, styre og dagleg leiar.

Generalforsamlinga

Generalforsamlinga er stiftinga sitt høgste organ og vel styret sine medlemer.

Generalforsamlinga vel òg revisor og fastset styret og revisor si godt gjersle.

Generalforsamlinga godkjenner stiftinga sitt årsoppgjer og fører tilsyn med stiftinga si verksemd.

Desse sit no i generalforsamlinga:

Innkskytarvalde:

Sigbjørn Solheim, Flekke

Malene Solheim, Dale

Ragnhild Berger Follevåg, Flekke/Str.

Oddgeir Lammetun, Korssund

Ola Hovland, Dale

Kennet Vik, Dale

Mari Kyrkjebø, Dale

Ingvild Kjøsnes, Hellevik

Varamedlemer:

Magn Helge Brattelid, Dale

Christine Nikøy Rogne, Dale

Valde av kommunestyret

Arve Helle, Dale

Hans André Lammetun, Korssund

Ida Søderstrøm, Dale

Vegard Skår, Dale

Geir Loneland, Dale

Anny Mari Holm, Dale

Frank Vik, Dale

Bjørn Helge Hjartholm, Dale

Varamedlemer:

Ivar Selvåg, Dale

Hjørdis Åsnes, Straumsnes

Ingunn Eiken, Dale

Svein-Erik Bøthun, Dale

Funksjonstida for dei kommunevalde medlemene av generalforsamlinga er til og med handsaming av årsrekneskapen i generalforsamlinga for 2023.

Styret

Etter vedtekten skal styret ha 4-5 medlemer og inntil 3 varamedlemer. Styremedlemene er valde for 2 år om gongen, derav leiar er vald for 1 år om gongen. To, vekselvis tre er på val kvart år.

Gjeldande styre:

Randi Engen, Guddal,	leiar	Marianne Furevikstrand, Holmedal,
Kristin Kyrkjebø,	nestleiar	medlem
Rolf Kleiven, Dale,	medlem	Kjartan Habbestad, Flekke medlem
Mats Systaddal, Dale	varamedlem	

Administrasjon

Ole Anders Hope ved Accountor HAFS Hope Rekneskapskontor AS har vore engasjert som dagleg leiar frå 01.07.2012.

Stiftinga sin forretningsstad er i Fjaler kommune.

Likestilling

Dagleg leiar er mann. Styret består av 2 menn og 3 kvinner. Styreleiar er kvinne. Det er ikkje planlagt spesielle tiltak for å fremja likestilling då styret ikkje er kjent med at det har vore forskjellsbehandling i strid med lov om likestilling.

Styret vil arbeide for at stiftinga har eit godt arbeidsmiljø og eit godt samarbeidsklima med tilsette i Sparebanken Sogn og Fjordane og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

Verksemda ureinar ikkje det ytre miljøet, og vil ved si fåvetildeling vektlegge at miljø og bærekraft vert ivaretake.

Vilkår for vidare drift er lagt til grunn ved utarbeidinga av rekneskapen.

Den framlagde rekneskapen gjev ei korrekt framstilling av stiftinga si økonomiske stilling.

Dale 23. mars 2022


Randi Engen

Randi Engen, styreleiar (sign.)


Marianne Furevikstrand

Marianne Furevikstrand (sign.)


Kristin Kyrkjebø

Kristin Kyrkjebø (sign.)


Rolf Kleiven

(sign.)


Kjartan Habbestad

(sign.)


Ole Anders Hope

, dagleg leiar (sign.)

Teaterfestivalen i Fjaler.



Vadmelsbanden med mannen og kråka

Foto: David Zadig



Årsrekneskap 2021

Sparebankstiftninga Fjaler

Resultatrekneskap
Balanse
Notar til rekneskapen

Org.nr.: 995 882 949

RESULTATREKNESKAP

SPAREBANKSTIFTINGA FJALER

	Note	2021	2020
DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
Anna driftsinntekt			
Lønskostnad	6	266 001	225 896
Annan driftskostnad	6	756 512	540 554
Sum driftskostnader		1 022 513	766 450
Driftsresultat		-1 022 513	-766 450
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Anna renteinntekt	2	26 616	282 756
Anna finansinntekt	2	7 418 382	4 722 366
Annan rentekostnad		2 590	2 218
Annan finanskostnad	5	-21 465	20 293
Resultat av finanspostar		7 463 874	4 982 611
Ordinært resultat før skattekostnad		6 441 361	4 216 161
Ordinært resultat		6 441 361	4 216 161
Årsresultat	4	6 441 361	4 216 161
DISPONERING			
Avsett til gåver	4	4 000 000	2 500 000
Avsett til gavefond	4, 7	2 000 000	1 000 000
Avsett til annan eigenkapital	4	441 361	716 161
Sum disponeringar		6 441 361	4 216 161

BALANSE

SPAREBANKSTIFTINGA FJALER


EIGEDELAR	Note	2021	2020
ANLEGGSMIDDEL			
Anna eide dom, varig verdi		43 313	43 313
Sum immaterielle eide delar		43 313	43 313
Programvare, driftslausøyre		70 500	141 000
Sum varige driftsmiddel		70 500	141 000
FINANSIELLE ANLEGGSMIDDEL			
Eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane	3	106 453 000	106 453 000
Sum finansielle anleggsmiddel		106 453 000	106 453 000
Sum anleggsmiddel		106 566 813	106 637 313
OMLØPSMIDDEL			
INVESTERINGAR			
Andre marknadsbaserte finansielle instrument		24 579 501	10 014 521
Eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane	3, 5	10 000 060	10 000 060
Andre finansielle instrument		197 355	255 107
Sum investeringar		34 776 916	20 269 688
Bankinnskot, kontantar og liknande	2	6 889 102	16 566 695
Sum omløpsmidde l		41 666 018	36 836 383
Sum eide delar		148 232 831	143 473 696


BALANSE

SPAREBANKSTIFTINGA FJALER

EIGENKAPITAL OG GJELD	Note	2021	2020
INNSKOTEN EIGENKAPITAL			
Grunnkapital	4	106 453 000	106 453 000
Sum innskoten eigenkapital		106 453 000	106 453 000
ANNAN EIGENKAPITAL			
Annan eigenkapital	4	27 104 728	26 663 367
Gåvefond		8 218 753	6 218 753
Sum annan eigenkapital		35 323 481	32 882 120
Sum eigenkapital	4	141 776 481	139 335 120
GJELD			
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld		63 344	48 519
Skuldige offentlege avgifter	6	49 991	22 642
Anna kortsiktig gjeld	7	6 343 014	4 067 414
Sum kortsiktig gjeld		6 456 350	4 138 575
Sum gjeld		6 456 350	4 138 575
Sum eigenkapital og gjeld		148 232 831	143 473 696

Fjaler, 23.03.2022
Styret i Sparebankstiftinga Fjaler



Randi Oddny Engen
styreleiar


Kristin Solheim Kyrkjebø
styremedlem


Rolf Kleiven
styremedlem


Marianne Furevikstrand
styremedlem


Kjartan Habbestad
styremedlem


Ole Anders Hope
dagleg leiar

NOTE 1. Rekneskapsprinsipp

Sparebankstiftinga Fjaler vart skipa 01.09.2010 og er lokalisert i Fjaler. Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med reglane i rekneskapslova, norske rekneskapsstandardar og reglar for små føretak.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av egedelar og gjeld

Egedelar skaffa til varig eige eller bruk er klassifiserte som anleggsmiddel. Andre egedelar er klassifiserte som omløpsmiddel. Krav som skal tilbakebetalast innan eitt år er klassifiserte som omløpsmiddel. Anleggsmiddel er vurderte til kostpris, men vert nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet ikkje er venta å vere forbigåande. Børsnoterte finansielle anleggsmiddel vert nedskrivne til marknadsverdi uavhengig av om verdifallet er venta å vere forbigåande. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne planmessig. Omløpsmiddel er vurderte til lavaste av kostpris og verkeleg verdi.

Marknadsbaserte finansielle omløpsmiddel

Aksjar, eigenkapitalbevis og andre egedelar som inngår i ein handelsportefølje vert vurderte for heile porteføljen til det lavaste av kostpris eller verkeleg verdi på balansedagen. Motteke utbytte og andre utdelingar frå selskapa vert vurderte som anna finansinntekt. Utbytte vert inntektsført når det vert utbetalt.

Skatt

Stiftinga har ikkje erverv som formål, og er ikkje skattepliktig jfr. Skattelova sine reglar om skattefrie institusjonar.

NOTE 2. Bankinnskot, renteinntekter og utbytte

Renter frå innskot i bank utgjer totalt kr 26 616 i 2021.

Sum inneståande i bank pr. 31.12.2021 utgjer kr 6 889 102.

I 2021 er det motteke og inntektsført utbytte kr 6 917 952 frå Sparebanken Sogn og Fjordane. Ein større del av Sparebankstiftinga Fjaler sine midlar har i 2021 vorte plassert ulike fond. Ved utgangen av 2021 var det plassert samla kr 24 778 926 i fond og andre plasseringar. Realisert vinst på fond var i 2021 kr 496 918. Urealisert tap på marknadsbaserte finansielle omløpsmiddel var kr 0 pr 31.12.2021. Av urealisert tap i 2020 på marknadsbaserte finansielle omløpsmiddel i forhold til kostpris er kr 23 535 tilbakeført som inntekt. I 2021 er det ein urealisert, ikkje bokført vinst på ca kr 2.575.834.- pr. 31.12.

For 2021 vil det føreslegne utbyttet frå Sparebanken Sogn og Fjordane utgjere kr 10.376.928.- for Sparebankstiftinga Fjaler. Dette utbyttet vert inntektsført i 2022-rekneskapen.

Kr 39 148 er bundne skattetrekksmidlar på skattetrekkskonto.

NOTE 3. Eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane

	Eigarandel	Tal eigen-kapitalbevis	Pålydande	Kostpris
Sparebanken Sogn og Fjordane	5,92 %	1 152 992	100	116 453 060

Stiftinga eigde 1 152 992 eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane pr 31.12.21.
 1 114 530 av desse er bokførte til pålydande kurs à kr 100.-. 38 462 eigenkapitalbevis er bokført til kostpris kr 130.-. Eigarandelen utgjer 5,92%.
 Likningsverdien pr 31.12.21 er kr 320 981 442.-.

1 064 530 av eigenkapitalbevisa til kurs à kr 100.- utgjer grunnkapitalen i Sparebankstiftinga Fjaler.

NOTE 4. Eigenkapital

	Grunnkapital	Overkurs-fond	Gåvefond	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Pr. 31.12.2020	106 453 000	0	6 218 753	26 663 367	139 335 120
Endringar ført mot EK					0
Pr 01.01.2021	106 453 000	0	6 218 753	26 663 367	139 335 120
Pr. 01.01.2021	106 453 000	0	6 218 753	26 663 367	139 335 120
Avsett til gåvefond			2 000 000		2 000 000
Overført frå gåvefond			0		0
Avsett til annan eigenkapital				441 361	441 361
Pr 31.12.2021	106 453 000		8 218 753	27 104 728	141 776 481

NOTE 5. Marknadsbaserte aksjar, eigenkapitalbevis

Andre marknadsbaserte finansielle instrument	31.12.2021
Eigenkapitalbevis Sparebanken Sogn og Fjordane	24 776 856
Sum finansielle investeringar	10 000 060
	34 776 916

Prinsipp for vurdering verdi av aksjar og eigenkapitalbevis:

Plassering i aksjar og eigenkapitalbevis som inngår i ein handelsportefølje vert vurdert for heile porteføljen til det lavaste av kostpris eller marknadsverdi på balansedagen. Netto realisert vinst/tap vert ført som annan finansinntekt/kostnad.

Det har vore investert i aksjefond, rentefond og eigenkapitalbevis i 2021.

31.12.2021

Likningssverdi:
Likningsverdi eigenkapitalbevis Sparebanken Sogn og Fjordane kr 320 981 442

Marknadsverdi andre marknadsbaserte finansielle instrument:

DNB Aktiv 10	kr	2 160 800
Pareto Nordic Alpha A	kr	2 772 120
PLUSS Aksje Fondsforvaltning	kr	585 488
Pluss Utland Etisk Fondsforvaltning	kr	849 395
Skagen Avkastning	kr	2 097 379
Pareto Global B	kr	2 483 942
Pareto Obligasjon A	kr	260 133
Pareto Nordic Cross Credit A	kr	6 149 501
DNB Global Indeks A	kr	1 181 756
DNB Teknologi A	kr	1 086 941
Holberg Global A	kr	1 190 202
Norne Aksje	kr	1 119 172
Pareto Nordic Corporate Bond A	kr	5 028 353
Sparebanken Vest	kr	389 578
Sum marknadsverdi andre marknadsbaserte verdipapir	kr	27 354 760

Sum likningsverdi og marknadsverdi 2021-tal kr 348 336 200

NOTE 6. Løn og godtgjersle tilsette, dagleg leiing, styre og generalforsamling m.m.

Lønskostnader	2021	2020
Løner	242 885	211 000
Arbeidsgjeveravgift	22 917	14 581
Pensjonskostnader	0	0
Andre ytingar	3 794	315
Sum	266 001	225 896

Gjennomsnittleg tal årsverk: 0,25 på årsbasis.

Ytingar til leiande personar	Dagleg	
	leiari	Styret
Løn	Sjå avsnitt nedanfor:	209 990
Pensjonsutgifter	0	0
Anna godtgjersle	0	0

Sparebankstiftinga Fjaler har ikkje tilsette personar, og har difor ikkje plikt til å ha pensjonsordning.

Accountor HAFS Hope Rekneskapskontor AS ved Ole Anders Hope er engasjert som dagleg leiari.

Samla honorar for rekneskapsføring og dagleg leiing i 2021: kr 378 136 inkl. mva.

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar for 2021 utgjer kr 37 129.

NOTE 7. Avsett til gaver

Det er av overskot for 2021 avsett kr 4 000 000 til påveutdeling. Dette er ført opp under anna kortsiktig gjeld i balansen.

Vanlegvis kan det maksimalt delast ut inntil 60% av overskotet til gaver kvart år, og inntil resten av overskotet kan avsetjast til påvefond for framtida. Det er høve til å bruke av påvefondet til større lokale tiltak, og at tildelinga kan vere større enn 60% så lenge det er forsvarleg. Det er for 2021 sett av kr 2 000 000 til påvefond, og kr 441 361 til annan eigenkapital. Påvefondet står som eigenkapital under opptent kapital, og utgjer saman med tidlegare avsett; kr 8 218 753. Det er eit mål at påvefondet skal innehalde nok midlar til 3 års påveutdeling, og oppbygging er føresett skal halde fram i 2022.

Styret i Sparebankstiftinga Fjaler har i 2021 delt ut gaver til almennyttige føremål med kr 3 051 350.-.

Av totalt utdelte gaver er kr 2 281 950 ikkje utbetalt pr 31.12.2021, og er bokført under anna kortsiktig gjeld.

Anna kortsiktig gjeld utgjer:

Avsett til utdeling av overskot 2021:	kr	4 000 000
Rest av tidlegare avsetninger til utdeling	kr	51 064
Ikkje utdelt av På Rappen-midlar:	kr	10 000
Ikkje utbetalt av utdelte gaver:	kr	2 281 950
<u>Skuldig løn og feriepengar</u>	kr	0
Sum	kr	6 343 014



Til generalforsamlinga i Sparebankstiftinga Fjaler

Melding frå uavhengig revisor

Konklusjon

Vi har revidert Sparebankstifting Fjaler sin årsrekneskap som er samansett av balanse per 31. desember 2021, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoен og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilet av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2021, og av resultata for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for ytterlegare informasjon som er publisert saman med årsrekneskapen. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese ytterlegare informasjon. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom den ytterlegare informasjon og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om ytterlegare informasjon inneholder vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om ytterlegare informasjonen inneholder vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisande bilet i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneholder vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

PricewaterhouseCoopers AS, Parkvegen 5, NO-6856 Sogndal

T: 02316, org. no.: 987 009 713 MVA, www.pwc.no

Statsautoriserte revisorer, medlemmer av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerselskap



Ved utarbeidninga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilskikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilskikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For beskriving av revisor sine oppgåver og plikter visar vi til
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Konklusjon om utdeling og forvaltning

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «*Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon*», meiner vi stiftinga er forvalta og utdelingar er gjort i samsvar med lov, stiftinga sitt formål og stiftinga sine vedtekter.

Sogndal, 23. mars 2022
PricewaterhouseCoopers AS

Richard Nesheim
Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

Revisjonsberetning

Signers:

Name
Nesheim, Richard

Method
BANKID_MOBILE

Date
2022-03-23 14:25

This document package contains:

- Closing page (this page)
- The original document(s)
- The electronic signatures. These are not visible in the document, but are electronically integrated.



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.